

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 23.08.2024

**Vår ref.:** 202401061-4 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Høyring av søknad om auka vassuttak til snøproduksjon frå Tottetjern i Hemsedal kommune i Buskerud**

NVE har motteke ein søknad frå Skistar Norge AS datert 11.01.2024, om løyve til auka regulering og auka vassuttak til snøproduksjon frå Tottetjern. Søknaden med vedlegg er lagt ut på [www.nve.no/9283](http://www.nve.no/9283) og den blir kunngjort av NVE i Hallingdølen. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Jonatan Eklöf på tlf. 90 05 44 10 eller e-post: [jonatan.eklof@skistar.com](mailto:jonatan.eklof@skistar.com).

### **Kva søknaden gjeld**

Skistar Norge AS i Hemsedal kommune søker om konsesjon for å heve terskelen på dammen i Tottetjern med 1 meter og auke vassuttaket frå 120 000 m<sup>3</sup> til 270 000 m<sup>3</sup>. Dammen vil da få HRV på kote 1248 og LRV på kote 1245,5.

Gjeldande konsesjon (9.9.2004) gjev løyve til å tappe inntil 120 000 m<sup>3</sup> vatn frå Tottetjern i perioden 15. oktober til 31. januar. Perioden for uttak av vatn frå dammen er søkt endra til å ta ut vatn frå 1. november til 31. mars. Det er planlagt å vidareføre gjeldande krav om minstevassføring på 4 l/s frå Tottetjern til Sollausbekken i perioden 15. oktober til 31. mars. I perioden 1. juni til 14. oktober skal alt tilsig gå i overløp på dammen.

### **Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?**

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på [www.nve.no/9283](http://www.nve.no/9283)
- via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) (merk e-post med «Høyringsuttale 202401061 » i emnefeltet. Skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd.)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er **4.10.2024**



Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen dykkar er lang, er det difor ein fordel om de lagar eit samandrag som kan brukast til dette.

### **Kva ønskjer vi innspel om?**

Vi ønskjer grunngeve synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

Vi ber kommunen informere om kjente allmenne interesser som kan bli påverka av tiltaket. Dette kan vere friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Det er også av interesse for oss å få informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget osv.

Vi ber Statsforvaltaren og fylkeskommunen om å vurdere om kjente allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg vurdere tiltaket opp mot sitt sektoransvar.

### **Informasjon om saksbehandlinga**

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8

Etter at høyringsfristen er ute får søkar anledning til å kommentere innkomne høyringsuttalar, før NVE vanlegvis gjennomfører synfaring i området. Alle som har sendt inn uttale vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne uttalar er eit viktig grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25, som er at fordelane må vere større enn ulempene for at vi skal kunne gje løyve. I den samla vurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve skal gjevast og i kva utstrekning. Eit vedtak blir alltid grunngeve.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det vere knytt vilkår til denne, jf. vassressurslova § 26.

NVE sitt vedtak kan klagast på til Energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet det er komme fram til parten. Retten til å klage avgrensar seg til dei som har klagerett.

Med helsing

Gry Berg  
seksjonssjef

Anders Kvaløy Olsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

**Mottakarliste:**

NORGES NATURVERNFORBUND

HEMSEDAL KOMMUNE

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV BUSKERUD

STATSFORVALTEREN I ØSTFOLD, BUSKERUD, OSLO OG AKERSHUS

Buskerud fylkeskommune

**Kopimottakarliste:**

Skistar Norge AS